

# Fritt tyroksin ( FT4 ) i serum

## Bakgrunn

Tyroksin (T4) er eit hormon som blir produsert i glandula tyreoidea. Saman med trijodtyronin (T3) er tyroksin ein viktig regulator av stoffskiftet i organismen.

## Indikasjonar

Diagnostikk av hypo- og hypertyreose. Kontroll ved behandling av tyreoideasjukdom.

## Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetting.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Ved tyroksinbehandling bør prøven bli teken medikamentfastande.

## Referanseområde

9-19 pmol/L

## Tolkingar

s-fritt T4 skal alltid tolkast saman med s-TSH.

Høg konsentrasjon av fritt-T4 i serum (og supprimert TSH) er typisk for hypertyreose.

Låg konsentrasjon av fritt-T4 i serum (og auka TSH) er typisk for primær hypotyreose.

Lett nedsette verdiar hos gravide pga høg konsentrasjon av bindeprotein, særleg i siste del av svangerskapet.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 5,7 %